

178
Er det verdlaust for Deg ?

Tone: Er det intet for Dig ?

Er det verdlaust for Deg, det din Frelsar hev gjort ?
Er det verdlaust for Deg ?
At han fullførde alt, då Du sjølv kom til kort,
er Det verdlaust for Deg ?
At han vakte i bøn då i syndi Du søv ?
Er det verdlaust at Æsus oppfylte Guds Lov,
og betalte den skuld som din Gud av Deg krov,
er det verdlaust for Deg ?

Er det verdlaust at Frelsaren døydde for oss ?
Er det verdlaust for Deg ?
At han blødde friviljugt på Golgata kross,
er det verdlaust for Deg ?
Kan Du, andsynes han som hev elska Deg slik,
og med synet på Frelsarens blodige lik -
greida møta hans kjærleik med modstand og svik ?
Er det verdlaust for Deg ?

Sjå, din Frelsar vert førd i frå kross og til grav.
Er det verdlaust for Deg ?
No ditt skuldbrev vart søkkt i det djupaste hav.
Er det verdlaust for Deg ?
Han ein angrande røvar baud fylgja med seg
på den ny-opna, livande, Himmelske veg
som han ogso hev opna for Deg og for meg.
Er det verdlaust for Deg ?

Er det verdlaust at Jesus stod opp or si grav ?
Er det verdlaust for Deg ?
At vår Himmelske Fader all makt honom gav,
er det verdlaust for Deg ?
Kom i hug at han snart vil Deg kalla til dom.
Då Du misser din rett til det Himmelske rom,
om Du her dreg Deg undan hans kjærlege Kom.
Er det verdlaust for Deg ?

Skal Du aldri nå fram til den fredsæle hamn ?
Er det verdlaust for Deg ?
Skal din Frelsar i Livs-boki sakna ditt namn ?
Er det verdlaust for Deg ?
Vil Du trassa hans kall og for evigt forgå ?
Skal Du aldri i æva hans Himmel få sjå ?
Skal Du aldri med frygd for hans kongsstol få stå ?
Er det verdlaust for Deg ?

Johs.M.L.Rydland.